

Vedlegg 2 - Prosjektomtale og vurderingar RK våren 2020

Prosjekt	Søkar	Sum søkt	Total-budsjett	I % av budsjett	Kort omtale	Vurdering	Vedtak
1. Mitt yrke-unge bønder i Sogn og Fjordane	Adalia Film AS	90 000	180 000	50 %	Adalia Film AS produserer kortfilmene Mitt yrke-Ungdom Bønder. Filmene skal føre til at ungdom blir inspirert til å drive som bønder og drive landbruksverksemdene av ulike slag. Nokre av filmene dei har produsert er distribuert på NRK. I 2019 fekk dei tilskot frå UTM-midlane til ein film frå Hordaland som heiter Ungdom Bønder – Vestland. Her filmene dei eit par som driv samdrift med kyr og noko sau i Kvam i Hardanger. No ynskjer dei å sette fokus på bønder i Sogn og Fjordane.	Det er allereie laga eit program frå Vestland. Vi ser difor ikkje trong for å lage eit program også frå nordre delen av fylket. Vi er usikker på effekten filmene har, og ser føre oss at film som medium må vurderast som del av eit større felles rekrutteringsprosjekt i Vestland. Dersom ein vel å kjøpe ein film må den vere målretta med tanke på budskapet i prosjektet.	0
2. Forprosjekt 'Grøn framtid – auka rekruttering til naturbruksskulane i Vestland'	Vestland fylkeskommune	200 000	340 000	59 %	Målet med forprosjektet er å gjere naudsente avklaringar, kartleggingar og diskusjonar for å legge grunnlag for eit 3-årig rekrutteringsprosjekt til dei grønne næringane i Vestland. Målet med hovudprosjektet er å auka rekrutteringa til naturbruk i Vestland. Vestland har fire naturbruksskular og ei sterk landbruksnæring. I begge de gamle fylka er det gjort veldig mykje godt arbeid for å auka rekrutteringa til naturbruksskulane. Vestland fylkeskommunen ynskjer å styrke rekrutteringsarbeidet som blir gjort inn mot landbruket og bidra til at alle som jobbar for auka rekruttering til naturbruk i Vestland har nytte av kvarandre sine erfaringar.	Vestland fylkeskommunen ynskjer å styrke rekrutteringsarbeidet som blir gjort inn mot landbruket og bidra til at alle som jobbar for auka rekruttering til naturbruk i Vestland har nytte av kvarandre sine erfaringar. Kostnaden i prosjektet er knytt til aktivitetar på naturbruksskulane.	200 000
3. Landbruksmessa STYVING - Aktivitetstøype for elevar i niande klasse	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	191 000	371 000	51 %	Landbruksmessa Styving skulle etter planen skipast i september 2020. Landbruksmessa Styving skulle vere ei publikumsmesse og initiativtakarane ynskjer å skape ein positiv, motiverande, inspirerande og kunnskapsbyggjande arena for alle med interesse for norsk matproduksjon. Arrangørane ynskjer å vise breidda, mangfaldet og moglegheitene i landbruksnæringa, og på den måten gje unge motivasjon og inspirasjon til å velje landbruksfagleg utdanning. Norsk landbruksrådgiving Vest var invitert med som samarbeidspartnar, og har fått ansvar for å organisere og koordinere ei aktivitetstøype for 9.klassingar. Tanken var å sende invitasjon til skulane i dei næraste kommunane rundt messa, 9.klassingar i kommunane Kinn, Sunnfjord, Fjaler, Askvoll, Gloppen og Sogndal. Mange kommunar og skular i Noreg har svak økonomi. For å gjere det mogleg for elevane å delta på messa, ville arrangørane av Landbruksmessa Styving og samarbeidspartnarane arbeide for at busstransporten for elevane tur /retur til Landbruksmessa, vert dekkja av ulike tilskotsordningar og gaver frå sponsorar og støttespelarar. Elevane skulle få fribillett til sjølve messa.	Styving 2020 er utsett til 2021 grunna koronasituasjonen. Om aktivitetstøypa vert gjennomført i 2021 bør aktiviteten bli koordinert med andre rekrutteringsaktivitetar inn mot naturbruk i Vestland fylke.	0
4. Søknad om stønad til #GRØNUTDANNING	Sogn og Fjordane Bondelag	113 000	368 000	31 %	Målet med prosjektet #grøn utdanning er å gje elevar, lærarar, foreldre og rådgjevarar på ungdomstrinnet kjennskap til "grønne" utdanningsveggar og yrkesmoglegheit med utgangspunkt i landbruksnæringa i Vestland. Prosjektarbeidet vert integrert som ein del av undervisningsopplegget ved skulen, knytt til yrkesrettleiing, programvalfag, valfag eller andre fag som til dømes natur og miljø. Ungdomen vert gjort merksame på landbruket i Vestland og moglegheitane og verdiane næringa skapar. Prosjektet vil i hovudsak ha aktivitet for 8. og 9. klassesetrinnet. Nokre av aktivitetane er gardsbesøk med ulike aktivitetar og klassebesøk med representantar frå landbruksnæringa og andre yrkesgrupper. Prosjektet synleggjer og trekk fram utdanningsveggar og karrieremoglegheit i dei ulike bedriftene og generelt i næringa i kvar kommune ein besøker. Prosjektet vert organisert ved arbeidsgrupper i kvar kommune med representantar frå landbruksnæringa, og skulane. Ein gong i året vert det invitert til møte der representantar frå samvirkeorganisasjonane, landbruksnæringa og grunnskulane drøftar erfaringar og utvikling av tiltak. Prosjektet planlegg for tre år, men søker støtte for eit år.	Prosjektet har gode erfaringar med arbeidet dei gjer, for å sikre kontinuitet bør prosjektet få stønad til skuleåret 20/21. Innan skuleåret 21/22 bør Vestland fylke ha ei koordinert satsing for å auka rekrutteringa til dei grønne næringane i fylket.	113 000

5. Rekruttering til naturbruksutdannings ved Mo og Øyrane vidaregåande skule	Mo og Øyrane vidaregåande skule	260 000	520 000	50 %	<p>Rekruttering til naturbruksutdanning på Mo går ut på å sette i verk ulike tiltak som gjer at fleire søker programområdet naturbruk som vidaregåande skule. På sikt vil dette gjere at fleire tek over gardsbruk og/eller søker vidare på høgare utdanning innan naturfagleg studie. Dette vil vere positivt for næringa og busetjinga på Vestlandet. Gjennom ulike tiltak dei siste åra har Mo og Øyrane vgs. greidd å auke rekrutteringa til naturbruksutdanninga. Dette ønskjer ein difor å halde fram med, for å sikre ei god rekruttering til landbruk og naturforvaltning framover. Alle desse tiltaka vil vere med på å inspirere og synleggjere dei moglegheitene ein har ved å velje naturbruk som utdanningsveg. Ikkje minst kan dette vere viktig med tanke på matvaresikkerheit i ein verden med store utfordringar innan klima, miljø og pandemi.</p> <p>Tiltaka i prosjektet inkluderer: vere vertskap og arrangere ulike aktivitetar på landbruksmessa "Styving", arrangere ungdomscamp på Mo for elevar frå 8. og 9. klasse, ta i mot elevar frå ungdomsskulane på hospitering og besøk, arrangere utdanningsval vår og haust for 9. og for 10. klasse, dra ut til ungdomsskulane i regionen for å informere om naturbruksutdanning på Mo og Øyrane vgs, marknadsføre naturbruk på ein profesjonell og positiv måte gjennom ulike sosiale media som Instagram, Facebook, Snapchat m.m, ta imot besøk frå Førde ungdomsskule og Halbrend skule i samarbeid med Sogn og Fjordane Bondelag.</p>	Mo og Øyrane har jobba målretta med å auke rekrutteringa til naturbruk sidan 2014 og har gode resultat. For å sikre kontinuitet bør prosjektet få stønad til skuleåret 20/21. Styving 2020 er utsett til 2021, difor vert den aktiviteten tatt ut av budsjettet. Innan skuleåret 21/22 bør Vestland fylke ha ei koordinert satsing for å auke rekrutteringa til dei grønne næringane i fylket.	195 000
6. Praktikantordning for økologisk og biodynamisk landbruk	Økologisk Norge	360 300	557 950	65	<p>Forprosjekt for pilotprosjekt som skal bidra med rekruttering av ungdom (19-35 år) til økologisk og biodynamisk landbruk gjennom ei praktikantordning. Praktikantordninga vil bestå av praktisk arbeid på ein gard i Vestland fylke, samt samlinger underveis i året med føremål å tileigne praktikantene praktisk kunnskap som forretningsplanutvikling samt bidra til etablering av nettverk til støtte og inspirasjon for deltakere. Forprosjektet skal utvikle gode samlingar og læringsmål for prosjektet, og danne eit solid grunnlag for at pilotprosjektet vil kunne gjennomførast frå 2021. Prosjektet skal utvikle ei pilotordning som bidreg til at 5-10 praktikantar har praksis på ein gard kombinert med samlingar i Vestland fylke, med oppstart 2021. Det overordna målet er å sikre at mest mogleg av den økologiske maten som blir etterspurd i landet, er norskprodusert.</p>	Å produsere økologisk mat for å dekke innanlands etterspurnad er eit viktig mål. I høve til dette målet, blir prosjektet smalt, kostnadskravjande og lite effektivt. Om ein ynskjer eit prosjekt som er spissa i høve til rekruttering til økologisk og biodynamisk landbruk kan eit landsdekkande prosjekt som søker støtte frå relevante landsdekkande ordningar, vere ein veg å gå. Andre rekrutteringsprosjekt som får støtte av RK-midlane i Vestland, kan vurdere praktikantordning som eit aktuelt tiltak uansett driftsform.	0
7. Utvikling av bransjeprogram (korte fleksible utdanningar) for landbruket	Fagskolen i Sogn og Fjordane	500 000	750 000	67	<p>Det vert søkt tilskot/midlar til delprosjektet utvikling av bransjeprogram (korte og fleksible utdanningar) for landbruket i regionen, og med den største landbrukskommunen, Sunnfjord kommune, som drivkraft i prosjektutviklinga. Målsetninga med søknaden er å halde dagens produksjon for mjølk- og kjøttproduksjon på minst dagens nivå.</p> <p>Målsettingar: Bli førande nasjonalt, oppretthalde/auke produksjon og utvikle nye produksjonsområde</p> <p>Målgruppe: Landbruket i Vestland og næringsmiddelindustrien i regionen</p>	Prosjektet kan vere bra, men søknaden er for lite konkret til å gje støtte på grunnlag av. Fagskolen har også søkt om midlar frå "Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling" til tiltak som er ganske like det som blir søkt om her.	

8. Oppfølgingsår og tilrettelegging for oppstart av flere andelslandbruk med Vestlandsmodell	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	200 000	300 000	67 %	<p>NLR ønsker å legge til rette for at andelslandbruka har trygge juridiske, økonomiske og organisatoriske rammer, oppdatert kunnskap om andelslandbruksbevegelsen samt engasjement for videre utvikling. Planlagde aktivitetar:</p> <p>Lage kurs i reglar og utføring av GDPR</p> <p>Lage kurs i økonomi og budsjettering</p> <p>Lage kurs i forretningsmodellering</p> <p>Lage kurs i marknadsføring og bruk av sosiale medium</p> <p>Hjelpe nye, og gamle, andelslandbruk med å sette i verk tiltak</p> <p>Evaluering</p> <p>Erfaringsmøte</p> <p>Lage informasjonsmateriell</p> <p>Vurdere om det skal lagast eit kapittel i «Håndbok for andelslandbruk» om vestlandsmodellen I Vestland er det 7 andelsbruk.</p>	<p>Aktivitetane som er omtala i prosjektet, er ikkje så spesifikke at dei berre er aktuelle for andelslandbruk på Vestlandet. Økologisk Norge har sidan 2015 fått støtte frå Landbruksdirektoratet for å arbeide for å få til fleire andelsbruk og dei jobbar aktivt med rettleiing, informasjonsarbeid, koordinering og nettverksbygging. Økologisk Norge arrangerer kvart år nettverksamling for andelsbruka for erfaringsutveksling, inspirasjon og kompetanseheving. Dei samarbeider også med Fylkesmennene sine landbruksavdelingar om å arrangere regionale samlingar. Hovudtyngda av tiltaka det er søkt om i prosjektet, er i liten grad spissa mot andelsbruk i Vestland, spesielt. I den grad tiltaka er relevant for andelsbruk generelt, er det naturleg at Økologisk Norge står for utarbeiding.</p>	0
9. Korte nettbaserte kurs, informasjonsvideoar og apper for enkel registrering	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	180 000	360 000	50 %	<p>NLR vil lage korte nettbaserte kurs på 5-45 minutt per kurs. Kursa skal vere ein kombinasjon av ppt-presentasjon med lyd, og video med praktisk utføring av ulike steg i prosessen. Det er lagt opp til 12 kurs, der nokre er delt opp i fleire småkurs. Tema er mellom anna HMS, risikovurdering, praktisk vernerunde, grøfting, søknadsalternativ hjå IN, ugrastypar og bekjemping, blomkåldyrking og val av såfrø.</p>	<p>Det er bra med merksemd på digitale kurs. NLR har også fått BIO-midlar (Bedriftsintern opplæring) for å bli betre på digitale kurs- Vi føreset at dette prosjektet kan bli korrigeret ettersom at NLR har vore gjennom ei større opplæring, og at ein ser på kva som er beste format for digitale kurs. Det bør gjerne vurderast webinar med direkte samhandling. Det ligg ikkje inne kursavgifter, berre eigeninnsats til utvikling av kursa. Det er naturleg at det er ein stor grad av eigeninnsats i utvikling av kursa. Det er sett opp eigeninnsats på 180 000 kr., og vi føreset at dette er til ein timesats på 700 kr. som det er stilt krav om i utlysingssteksten. Vi føreset at kursa skal gjerast tilgjengeleg for alle, og at det bli ei kursavgift. Det blir søkt om mange kurs, og vi reduserer summen og ber om at ein testar ut på nokon område.</p>	50 000
10. Digitalisering av vaksenagronomutdanninga	Mo og Øyrane vidaregåande skule	250 000	283 000	88 %	<p>Prosjektet går ut på at Mo og Øyrane vidaregåande skule skal vidareformidle kunnskap og erfaringar frå digitaliseringsprosjektet for vaksenagronomutdanninga til lærarar ved dei andre tre naturbruksskulane i fylket; Voss vgs., Stend vgs. og Sogn Jord- og Hagebruksskule. Skulane har uttrykt ønskje om meir opplæring i god pedagogisk organisering ved bruk av didaktiske verktøy, sanntidsundervisning og utvikling av materiell til bruk i digital undervisning. Mo og Øyrane vil difor ta ansvar for å vidareformidle til dei andre naturbruksskulane i fylket den kunnskapen og dei erfaringane ein har gjort gjennom det nasjonale digitaliseringsprosjektet. Dette skal skje i dialog med den nasjonale satsinga slik at det ikkje blir unødig overlapping. Det blir også viktig med eit pedagogisk samarbeid mellom skulene for å sikre best mogleg kvalitet på produsert undervisningsmateriell. Lokal tilpassing til vestlandske tilhøve står sentralt i produsert undervisningsmateriell. Mål med prosjektet er todelt, 1.sikre at deltakarar på vaksenagronomutdanninga blir endå meir aktive i eiga lærling ved å halde oppe læringstrykket mellom samlingane og auke det totale læringsutbytte for deltakarane.</p> <p>2. for å oppnå auka læringsutbytte for deltakarane må lærarane få opplæring i dei digitale verktøya og bli trygg i bruken av desse. Sanntidsundervisning og auka bruk av digitale læringsmiddel vil vere metodar for å nå målet om auka læringsutbytte. Treårig prosjekt søkjer om støtte til første året.</p>	<p>Auka kunnskap om digitalisering og gode digitale undervisningsverktøy vil gjere at elevane til vaksenagronom får betre kvalitet på nettundervisninga og held opp læringstrykket mellom undervisningsøktene. Digitaliseringsprosjektet er også nyttig for å bidra til tettare samarbeid mellom natrbruksskulane i det nye fylket. I oppdragsbrevet frå LMD til fylkeskommunen står det: 'I forbindelse med jordbruksoppkjøret 2019 ble det fastsatt at tilskudd til vaksenagronomopplæringa bare kan gis over denne ordningen, og at det ikke lenger er mulig å benytte RK-midler til dette formålet.' LMD er blitt kontakta angående dette digitaliseringsprosjekt og melder tilbake at prosjekt dessverre er i strid med føringane for ordninga.</p>	0

11. SNOP 2020	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	140 000	245 000	57 %	SNOP (Strategisk nærings- og produksjonsutvikling) er et etablererkurs direkte retta mot bønder, for å styrke næringsutvikling i landbruket. SNOP har blitt haldt årleg i tidlegare Hordaland fylke, frå 2012 til 2019. Det skil seg frå andre etablerarkurs ved at deltakarane får personleg og fagleg oppfølging gjennom, og inntil eit år etter, kurset. Deltakarane har ferdig forretningsplan når dei er ferdige med kurset. Dei av deltakarane som har behov for det, får og hjelp til å sende søknad om støtte til Innovasjon Norge. Målgruppa for prosjektet er alle bønder som har tanker om vidareutvikling av gardsdrifta eller næringar knytt til gardsdrifta.	SNOP kurset har vore gjennomført i Hordaland i fleire år. Påmelding til kurset har vore god og arrangement i tilknytning til kurset har hatt god påmelding. Kurset legg opp til 10 deltakarar (10 gardsbruk, det kan vere fleire persona frå ein gard). Kurset blir vurdert til å vere kostbart i forhold til størelsen på målgruppa. Det hadde vore ein fordel om effekten av kurset i større grad var dokumentert. Prosjekteigar bør vurdere å evaluere kurset for å sikre kurset når måla som er satt for det.	0
12. Kompetanseløft og økt synlighet for siderprodusenter fra Vestland	Hardanger Siderprodusentlag	300 000	700 000	43 %	Hardanger Siderprodusentlag søker om prosjektmidlar til eit kompetanseløft for siderprodusentar, horeca-bransjen og forbrukarar. Prosjektet ønskjer å nytte Norsk siderfestival som kompetansearena og i tillegg lage eit meir spissa kompetanseløp for siderprodusentar som deltek i Matarena sitt kompetansenettverk for lokale mat- og drikkeprodusentar. Kompetanseløftet og økt synlighet gjennom Norsk Siderfestival og Horeca aktivitetane skal føre til auka verdiskaping og lønnsemd for norsk sidernæring totalt sett og for sider frå Vestland spesielt. Koronakrisa har ført til ein nedgang på 24% i salet av sider på Vinmonopolet. Likevel fortsett satsinga i sidernæringa. Målsetninga er å produsere 1 millionar liter sider i Hardanger innan 2025. Auka kunnskapsformidling og synlighet ovanfor forbrukarar og hotell og restaurant i tillegg til auka kunnskap hos siderprodusentane kan bidra til å nå målet. I forkant av siderfestivalen blir det fagsamling for siderprodusentane og eplebønder. I løpet av festivalen blir det arrangert ulike aktivitetar er retta mot siderprodusentar, sommelierar, kokkarog eplebønder. Det vil også bli utvikla og gjennomført siderkurs retta mot forbrukar. Neste del av prosjektet dreiar seg om eit spissa kompetanseløp for siderprodusentar knytt til Matarena sitt kompetanseprogram. Alle siderprodusentar som deltek på Norsk Siderfestival kan melde seg inn i programmet. Det vil bli gjennomført fleire aktivitetar som kopler sider og sjømat. Nye marknader kan bidra til auka sal. Prosjektet vil gjennomføre studieturar for å teste nye marknader. Ein aktivitet for å introdusere sider til Oslo marknaden er å sette sider til ein 7 retters sjømat meny under «Seafood makers dinner». Det er også lagt opp til ulike publikums arrangement.	Sider er ei viktig næring som har vore særst vellykka på mange plan dei siste åra. Aktivitetane i prosjektet vil vere nyttige og det er sannsynleg at dei kan bidra til å løfte sider inn i nye marknader og auke kunnskapen om sider hos målgruppene i prosjektet. Dessverre blir prosjektet totalt for kostbart ut frå disponible midlar. Aktiviteten som skal stimulere til auka kunnskap og distribusjon i Horeca-marknaden (HA2), bygger vidare på tidlegare prosjekt og tilsegn. Difor kan vi per nå berre bidra inn i HA2.	37 000

13. Korte kurs	Mo og Øyrane vidaregåande skule	301 700	720 700	42	<p>Prosjektet "Korte kurs" går ut på å arrangere 12 ulike kurs i 2020/2021 ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo. Dette er sett i samanheng med at Mo har bygd opp eit kurscenter som har som mål å tilby godkjenningkurs og sertifiseringar det er krav om, og i tillegg også tilby kurs som er etterspurt av næringa. Målet med kursa er at deltakarane får den kompetansen som næringa krev og har behov for, og at deltakarane får dokumentasjon og kursbevis på sine kvalifikasjonar. Effekten av prosjektet er meir kunnskap og auka tryggleik i landbruket. I tillegg får bøndene dokumentert kompetansen sin og kan lettare ta på seg oppdrag utanfor gardsbruket.</p> <p>Stillaskurs 5-9 meter inkl. fallsikringskurs Traktorkurs for kvinner Laftekurs Grindverkskurs Sveisekurs Modul 1.1 Arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar Modul 2.1 Masseflyttingsmaskiner Modul 2.2 Truck Varme arbeid Autorisasjonskurs i plantevern – eksamensdag Autorisasjonskurs i smågagnemiddel Bruk av farleg småverktøy som vinkelslipar, kappsag, spikarpistol m.m.</p>	<p>Kurscenteret ved Mo og Øyrane vidaregåande skule har tilbydd ulike kurs ved kompetansesenteret for landbruksertifisering i fleire år. Erfaring viser at kursa stort sett har hatt det planlagde talet på deltakar. Det er positivt at det er stor grad av eigenfinansiering. Det er positivt at bøndene får dokumenter kompetansen sin og at det er bygd opp eit kompetansesenter for landbruksertifisering rundt desse kursa. I 2020 er det mange søknader og Vestland fylkeskommune legg seg på same nivå som Sogn og Fjordane fylkeskommune la seg på i 2019. Vi ber skulen vurdere kva grep som må gjerast ut frå dette, men ønskjer at kurs som er etterspurt av næringa og som legg grunnlag for at bønder kan ta på seg oppdrag utanfor bruket og kurs som er avgjerande for produksjon vert prioritert.</p>	205 000
14. Grøftefilm	Alver kommune	25 000	70 000	36 %	<p>Erfaringar med klimabonde prosjektet er at lokale bønder sit på mykje kunnskap om både agronomi og klimatilpassing. Film er eit godt verkemiddel til å nå mange via sosiale media, og spesielt unge som hentar mykje av kunnskapen sin mellom anna frå youtube. Grøfting er eit tema som mange spør om og som det er vanskeleg å forklara teoretisk. Me trur difor at ein film vil vera av interesse for mange. Målet med prosjektet er å laga ein eller fleire filmsnuttar der ein viser problemkartlegging vassjuk jord, planlegging av grønnefelt, oppgraving av grønnefelt både systematisk og usystematisk grønnefelt, legging av rør, filtermasse, tilkobling til eksisterande grønnefelt, pågraving.</p>	<p>Fleire område i Vestland slit med våt jord og auke i nedbør. Kunnskap om grønnefelt er viktig for mange området i Vestland. Andre filmar frå klimabonde prosjektet har slått godt an i næringa. Fylkesmannen i Vestland informerer om at filmen er blitt finansiert over fylkesmannen sine klimamidlar.</p>	0
15. Grøftekurs Alver/Nordhordland	Alver kommune	15 000	30 000	50 %	<p>Med aukande ekstremvær og nedbørsmengder er grønnefelt ein av dei viktigaste tinga ein bonde kan gjera for å sikra avlinga si. Mange nye bønder, som har overtatt dei seinare år, har anna utdanning enn agronomi, og for dei som har drive ei stund er det bra med oppfrisking av kunnskap. Betre drenering gjev meir avling og reduserar klimagassutslepp frå jord. Alver kommune ynskjer saman med Trygve Torsteinsen i Norsk landbruksrådgiving og laga til eit praktisk og teoretisk grønnefeltkurs. Dersom ein får laga eit godt opplegg kan det arrangerast fleire stader. Det er og eit mål å auka avlingsnivå som ligg lågt hjå mange og redusera utslepp av klimagassar frå vassjuk jord.</p>	<p>Grønnefelt og god drenering er viktig både for å auke avlinga og redusere utslepp av klimagassar. Her er det viktig at dei rette deltakarane er med på kursa. Kommunen har verkemiddel til å motivere til deltaking på kurs og gjennomføre denne type kurs utan ekstern finansiering.</p>	0

16. Overskotsmassar - frå problem til produktiv, fulldyrka matjord	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	31 000	62 000	50 %	i samband med prosjektet "Overskotsmassar – problem eller ressurs", har NLR Vest i samarbeid med andre, og med støtte frå mange instansar, utarbeid den faglege og praktiske rettleiaren: "JORDMASSER - FRA PROBLEM TIL RESSURS - ta vare på matjorda". Dette prosjektet skal utvikle kursprogram og tilpasse kursmaterieil for kurs med tema: Overskotsmassar - frå problem til produktiv, fulldyrka matjord. Prosjektet skal gjennomføre eitt heildagskurs i Sunnfjord i Vestland. Ved utbyggingsprosjekt vert det overskotsmassar som stein, jordmassar og i nokre tilfelle også matjord. Det er eit sterkt fokus på jordvern, og det vert stilt strengare krav til å ta vare på matjord no enn tidlegare. Overskotsmassane vert som regel plassert i deponi. Det er ønskeleg med ei meir samfunnsnyttig bruk av slike overskotsmassar, slik som til dømes nydyrking eller oppgradering av jordbruksareal. For at resultatet, både med omsyn til flytting av matjord og bruk av udyrka overskotsmassar til jordbruksføremål skal verte vellykka, trengs det kunnskap om korleis arbeidet skal gjerast. NLR Vest ynskjer i dette prosjektet å vidareutvikle program og kursmaterieil for eit heildagskurs for å lære bønder, entreprenørar, forvaltarar med fleir, meir om bruk av overskotsmassar til jordbruksføremål.	Det er viktig å finne gode måtar å ta vare på matjord. Det best er å ikkje røre den, men om jorda først må flyttast er det viktig med kunnskap og komptanse som gjer at jorda kan dyrkast og gje gode result etter at ho er flytta. I 2018 fikk NLR tilskot frå Hordaland fylkeskommune for at NLR skulle etablere samarbeid med fagpersonar som kunne vere med å utvikle eit kursopplegg for eit heildagskurs med tema: Overskotsmassar - frå problem til produktiv, fulldyrka matjord basert på rettleiaren "JORDMASSER - FRA PROBLEM TIL RESSURS - ta vare på matjorda". Prosjektet varer fram til juni 2020, men det er truleg at det er utarbeida eit kursopplegg. Sidan utvikling av kursmaterieil allereie har fått stønad, er det truleg at kurset lar seg gjennomføre uten meir stønad.	0
17. Søknad om støtte til kurs i botanikk og plantekjennskap	Sveio kommune	42 100	75 700	56 %	Prosjektet har som mål å auke kunnskapen til gardbrukarane om kva planter som veks i eng og beite som er ugrasa og kva som er nytteplanter. For mykje ugras kan føre til avkorting i produksjonstilskotet. Føremålet med kurset er å auke kunnskapen om botanikken og setje fokus på ugrasplanter som ein absolutt ikkje ønskjer i eng og beite. Det vskal også gjevast informasjon om ymse rådgjerder for å handtere ugraskampen. Aktivitatar: •plantekjennskap formidla gjennom førelesing •markvandring for å sjå og ta på ugras Målet er ar 1/3 av dei som søker produksjonstilskot i kommunen skal delta og at omfanget av ugras skal reduserast med 20%. Det er ikkje lagt opp til deltakaravgift.	Ugrasbekjemping vil kunne bidra til auka avlingar med betre kvalitet. Systematisk ugrasbekjemping er difor økonomisk lønsamt for den enkelte gardbrukar, men er viktig også for å unngå at ugras smittar over på naboareal. Som omtala i prosjektsøknaden, kan mangelfull ugrasbekjemping gje avkorting i produksjonstilskotet. Det skulle difor ligge godt til rette for å finansiere dette kurset gjennom deltakaravgift. Elles er det mange kurs på marknaden som tilbyr kompetanse om ugras og ugrasbekjemping.	0
18. Startpakke for nye fruktdyrkere	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	77 500	107 200	72 %	Gjennom prosjektet skal det utarbeidast og gjennomførast eit kurs i basiskunnskap for nyoppstarta og potensielle fruktbønder. Teoridelen som skal gjennomførast på nett, skal følgjast opp med fysiske samlingar i felt. I tillegg skal det setjast saman ein informasjonspakke som skal gje nye fruktbønder oversikt over dei 2-3 første åra av produksjonen. Informasjonspakken er tenkt å innehalde mellom anna innkjøpsliste, planteråd, informasjon om korleis hauste eple og kva skadegjerarar ein bør lese seg opp på før trea kjem i jorda. NLR gjennomførde fysiske, vellukka kurs for nyoppstarta fruktbønder i Hardanger og Sogn og 2017 og 2018. Desse var ressurskrevjande og difor ein ynskjer no å arrangere nettkurs som gjer det meir kostnadseffektivt for NLR å stille med variert kompetanse og lettare for spreidd busette fruktbønder å delta.	Dette kurset er godt i samsvar med prioriteringar i handlingsplanen for landbruk. Kurset kan bidra til auka produksjon av frukt ved at nye dyrkarar startar opp og lukkast gjennom å tileigne seg naudsynt kompetanse og får bygt nettverk både med erfarne og andre ferske fruktdyrkarar. Å utvikle kurset og særskilt den planlagde informasjonspakken, er investeringar som det truleg vil ta tid å kunne dekke inn gjennom deltakaravgift. Det difor er rett å støtte kurset. Sidan liknande kurs har vore arrangert og støtta før, det er gjeve støtte til filmer som truleg kan nyttast, den naudsynte kompetansen er venta å vere på plass og nettkurs er ein effektiv måte å formidle kompetanse på, blir tilskotet redusert i høve til det som blir søkt om.	54 000

19. Kurs i digitale hjelpeverktøy for praktisk forvaltning av skog i bratt og skredutsatt terreng	Skogbrukets kursinstitutt	200 000	550 000	36 %	Det blir søkt om støtte til å utvikle og gjennomføre tre kurs i digitale hjelpeverktøy for praktisk forvaltning og drift av skog i bratt og skredutsatt terreng. Prosjektet skal i tillegg utvikle ein rettleiar med sjekkliste for korleis ein skal vurdere digitale kartdata ved pc-en og kva ein skal sjå etter i felt, samt kva tiltak ein bør sette inn ved hogst. Kurset vil bestå av ein teoridel inne og ein praktisk del ute. Dei siste åra har det blitt meir merksemd på konsekvensane av manglande heilskapleg planlegging i bratt terreng. I nokre område er det svært utfordrande å ta ut hogstmoden skog i bratt terreng utan å auke naturfaren (skred, flaum). I mange samanhengar vil resultat frå GIS-analyse og gjennomgang av rettleiar vise at det vil vere uforsvarleg å ta ut skog utan å sette inn kostbare tiltak. Klimaendringar, auka hogstaktivitet og utfordrande terreng gjer behovet for kompetanse og rettleiing stort. Kurset skal kombinere kjelder til digital informasjon og praktisk bruk, og gje betre avgjerdsgrunnlag. Rettleiaren skal også sjå på korleis ein etablerer ny skog som har ein breiare og varig funksjon.	Dette er eit aktuelt tema med dei endringane i klima som ligg føre, og fleire og større hendingar knytt til mellom anna skred som truar infrastruktur eller busetnad. Kompetanse knytt til korleis ta ut verdiane frå skogen på ein måte som ikkje fører til større risiko for naturskadar er eit interessant tema. Kostnadane er relativt store, men dei skal gå til utviklings av kurs og verktøy, og testkurs, etter dette må ein føresette at kurset kan finansiere seg sjølv.	200 000
20. Korte kurs i skogbruket i Vestland	Sogn og Fjordane Skogselskap	173 000	222 000	78 %	Sogn og Fjordane Skogselskap søker om midlar til å arrangere til saman 18 dagskurs for skogeigarar, og for ungdom med skoginteresse lokalt kring i kommunane i Vestland i sesongen 2020/2021. Hovudvekt av kursa skal vere i Sogn og Fjordane. Kursa vert organiserte og gjennomførte ved eit samarbeid mellom søkjaren, prosjektleiaren, og landbruksforvaltninga i kommunane i fylket, som sit med lokalkunnskap om kor trongen for kursinnsats er størst. Sogn og Fjordane Skogselskap har gjennomført opplegg av tilsvarande art i 18/19 og 19/20 - i siste sesong noko hemma av noverande korona-situasjon. Kursa fordeler seg på 5 ulike kategoriar kurs; tømmerkapping for skogeigarar, skogfondkurs, kurs for nye skogeigarar, motorsagkurs for ungdommar og kurs i skogplanting. Kursa som siktemål å auke kompetansen hos deltakarane, gjere dei meir motiverte for innsats i skogbruksnæringa og stimulere til vidare utdanning i næringa. Prosektmålet er å få 300 kursdeltakarar.	Det er eit stort potensiale for auka verdiskaping i skogbruket i fylket. Det har ikkje vore mange skogprosjekt innan rekruttering og kompetanseheving dei siste åra, men Skogselskapet fekk støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2018 og 2019 til korte kurs. Det er ynskjeleg å støtte tiltak som kan bidra til rekruttering og kompetanseheving også innan skogbruket, då behovet for kunnskap er stort. Vi ynskjer difor å støtte desse kursa også i 2020. Det er ynskjeleg at kursa vert gjort tilgjengelege for ein større del av fylket. Det er ikkje lagt opp til kursavgift for å stimulere til deltaking for dei som treng det mest, men vi tenkjer det bør kunne takast ei mindre kursavgift på mange av kursa.	140 000
21. Trygg traktor og sikker last	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	80 000	146 000	55 %	Prosjektet tar sikte på å formidle kompetanse, haldningar og konsekvenstenking for dei som ferdast med traktor etter vegen. Prosjektet skal gjennomføre 8 fagmøte i lag med Statens vegvesen. Prosjektet skal arrangere møtedagar på trafikkstasjonane til Statens Vegvesen, der det vert mogleg for deltakarane å ta med eigen traktor og hengar/reiskap for å få ei vurdering. Prosjektet skal ha innsats for å få bønder til å møte opp. Målet med prosjektet er å redusere skader og ulykker med traktor i trafikken. Møte skal etter planen vere i Rosendal, Stord, Åsane, Voss, Sogndal, Førde og Nordfjordeid, Odda eller ein stad i ytre Sogn. Prosjektet tek sikte på 15-20 deltakarar på kvart arrangement. Eigenbetaling på 200kr pr pers.	I en undersøkning (Sentio Research for Arbeidstilsynet) frå 2018 oppgjer 17 prosent av spurte bønder at dei alltid bruker setebelte. De fleste alvorlege ulykker og dødsulykker i jordbruket er knytt til bruk av traktor og utstyr som er montert på traktoren. NLR HMS Traktor er et kurs i HMS serien til NLR. Det er lagt opp til 8 fagmøte. Auka kunnskap og bevisstgjerjing omkring bruk av traktor og utstyr kan vere med å gjere arbeidsdagen til bonden sikrare. Dette er positivt for bonden og virke positivt på omdømme og rekruttering.	80 000
22. Bransjeretta førstehjelpskurs for landbruket	Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	70 000	132 000	53 %	Gjennom eit eige prosjekt har Norsk Landbruksrådgiving utvikla eit spesialisert førstehjelpskurs for landbruket. Dette prosjektet er å gjennomføre 3,5 timar førstehjelpskurs for bønder og tilsette i landbruket. Kurset inneheld grunnleggande hjarte-lungeredning med godkjend instruktør, bransjeretning med HMS-rådgjevar landbruk. Kurset tek utgangspunkt i ulike arbeidssituasjonar som kan vere på eit gardsbruk, med husdyr, gassfare og mykje åleinearbeid. Prosjektet skal gjennomføre 6 kurs spreid rundt i Vestland. Det kan vere maks 15 deltakarar per instruktør. Kursa koster 700/1000 (medlem/ikkje medlem).	Landbruket den næringa i fastlands-Norge som har mest ulykker. Mange gardar har inne arbeidsfolk på garden delar av sesongen. Kunnskap om korleis bonden kan hjelpe seg sjølv, hjelpe andre og korleis skaden kunne vore unngått kan bidra til å redusere mengda skader i landbruket. NLR informerer om at interessa, og behovet for slike kurs er tilstades, og for ein del er det krav i kvalitetssystemet at dei skal ha oppdatert, bransjeretta førstehjelp .	70 000